

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Quality Hotel Maritim, Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 17.06.2022 kl. 09.00 – kl. 14.25

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Petter Steen jr.	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Helga Arianson	Styremedlem
Heiko Bratke	Styremedlem
Nina Budal	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Kjersti Follesø	Styremedlem
Laura Lill Haavik	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Åse-Berit Apeland Rolland	Styremedlem
Ingvill Skogseth	Styremedlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Aud Gunn Løklingholm	Administrasjonssjef
Magne Kydland	Kommunikasjonssjef
Hege Etterlid	Økonomi- og finansdirektør
Laila M. R. Nemeth	Prosjektdirektør
Hilde Sørhus Kalvenes	Administrasjonssekretær
Reidun Rasmussen Mjør	Samhandlingssjef
Sølvi Heimestøl	Sekretær for Ungdomsrådet
Kjersti Haugen	Sekretær for Brukarutvalet

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF, Grete Müller, deltok

Andre deltakrar:

Heidi Larsen Wåge, Brukarutvalet

Else Berit Helle, Brukarutvalet

Emma Sofie Lae-Pedersen, Ungdomsrådet

Siv Emberland, Ungdomsrådet

Pasient- og brukarombud Jannicke Bruvik

Forfall frå styremøte:

Ingvill Skogseth hadde forfall frå møtet frå og med behandling av sak 46/22

SAKLISTE

Sak 37/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 38/22	Protokoll frå styremøte 24.05.22
Sak 43/22	Rapport frå verksemda
Sak 44/22	Fullmakter i investeringsprosjekt
Sak 45/22	Årsplan for styret i Helse Fonna 2023

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Presentert i møtet
Vedlagt
Vedlagt

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 4

Sak 48/22	Bygg Haugesund månadsrapport mai	Presentert i møtet
-----------	----------------------------------	--------------------

Saker til orientering

Sak 39/22	Val av tilsettere representantar til styret	Vedlagt
Sak 40/22	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 41/22	Årsmelding Pasient- og brukaromboda	Vedlagt
Sak 42/22	Møte med Brukarutval og Ungdomsråd	Vedlagt
Sak 46/22	Sjukefråvær	Vedlagt
Sak 47/22	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Sak 37/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjent

Sak 38/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte 24.05.22

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 24.05.22

Sak 39/22 Val av tilsettere representantar til styret

Styremedlem Åse-Berit Apeland Rolland påpeikar at namnet hennar er stava feil i saksutgreiinga og i valstyret sin protokoll og ber om at dette vert retta.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 40/22 Administrerande direktør si orientering

1 Tilsyn

Vedlagt

2 Høyringar

Vedlagt

3 Informasjon om lønsoppgjeret

Administrerande direktør gav følgjande orientering i møtet

- Helse Fonna forhandlar med 16 ulike forbund
- Lønsforhandlingane er ein kombinasjon mellom sentrale- og lokale forhandlingar
- Mange forbund er ferdig forhandla, dei aller fleste innanfor frontfagsramma.
- NSF har forhandla sentralt med noko høgare resultat

4 Spørsmål frå styremedlem

Administrerande direktør gav følgjande orientering i møtet:

Pernille Nylehn har stilt spørsmål om intervensjonsradiologi i Helse Fonna.

Det er ikkje alle radiologar som har kompetanse til å utføre dei mest spesialiserte inngrepa.

Det er laga ein prosedyre på kva som må gjerast om det ikkje er mogleg å få tak i radiolog med tilstrekkeleg kompetanse, som til dømes å sende pasienten til eit anna sjukehus.

5 Årsmelding brukarutvalet

Vedlagt

Kort orientering frå leiar i Brukarutvalet Grete Müller:

- Det har vore tungt å driva brukarutval i perioden pga korona og at alle møter var digitale
- Pga. korona var det ikkje mogeleg å gjennomføra alle bestillingar i oppdragsdokumentet
- Året bar preg av adhoc arbeid – det var vanskeleg å planleggja arbeidet grunna pandemien
- Men brukarutvalet har opplevd å vera aktive likevel
- Det har vore gjennomført møte på brukarhuset der leiar i Brukarutvalet har informert ut om arbeidet som skjer i Helse Fonna HF
- Brukarutvalet har arbeidd med utfordringa – korleis knytta kontakt med brukar- og pårørande organisasjonar i heile føretaksområdet, og ikkje berre i Haugesund

6 Årsmelding ungdomsrådet

Vedlagt

7 Årsmelding kvalitetsutvalet

Vedlagt

8 Årsmelding arbeidsmiljøutvalet

Vedlagt

9 Årsrapport 2021 Regional vurderingseining for rehabilitering (Vurderingseininga)

Vedlagt

10 Ekstra punkt – orientering om beredskapssituasjon onsdag 15.06

Administrerande direktør gav følgjande orientering i møtet:

Høgt overbelegg i Helse Fonna kombinert med mange sjukmeldingar gav behov for å setja inn ekstra tiltak i drifta:

- Rigging av fleire pasientrom og inntak av meir personale som ekstra sjukepleiarar og portørar
- Overflytting av pasientar mellom sjukehus og ekstra beredskap i høve transport
- Dette utløyste grøn beredskap onsdag føremiddag. Torsdag morgon var det nytt beredskapsmøte. Situasjonen var då meir avklart og føretaket gjekk ut av beredskap

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar meldingane til orientering

Sak 41/22 Årsmelding Pasient- og brukaromboda

Pasient- og brukarombud Vestland og nasjonalt koordinerande ombud Jannicke Bruvik presenterte årsmeldinga frå pasient- og brukarombudet

Vedtak [samrøystes]

Styret tar årsmeldingane frå pasient- og brukaromboda 2021 til orientering

Sak 42/22 Møte med Brukarutval og Ungdomsråd

Leiar i brukarutvalet i Helse Fonna innleia med presentasjon av temaet pasientopplæring – god helseøkonomi

Ungdomsrådet i Helse Fonna vart presentert av leiar i Ungdomsrådet Emma Sofie Lae-Pedersen og nestleiar/ sekretær Siv Emberland.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering.

Sak 43/22 Rapport frå verksemda

Administrerande direktør og økonomi- og finansdirektør presenterte rapport frå verksemda. Det er ikkje lagt fram sak til dette møtet fordi rekneskapsperioden mai ikkje var avslutta før etter at sakspapira var sendt ut til styret.

Nye framlegg:

Styret gir slikt framlegg til nytt punkt 2 og 3 i vedtaket

2. Styret har merka seg overskridingar knytt til innleige, overtid og sjukefråvær i verksemdsrapporten.
3. Styret ber administrerande direktør om å leggja fram sak i neste styremøte med presisering av tiltak som vert sett i verk for å få den økonomiske situasjonen i Helse Fonna HF i balanse.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda presentert i møtet til etterretning
2. Styret har merka seg overskridingar knytt til innleige, overtid og sjukefråvær i verksemdsrapporten.
3. Styret ber administrerande direktør om å leggja fram sak i neste styremøte med presisering av tiltak som vert sett i verk for å få den økonomiske situasjonen i Helse Fonna HF i balanse.

Sak 44/22 Fullmakter i investeringsprosjekt**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek saka til vitande

Sak 45/22 Årsplan for styret i Helse Fonna 2023**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF vedtek årsplan for 2023 med slik endring:
Styremøte 26.10.23 vert flytta til 2.11.23

Sak 46/22 Sjukefråvær**Vedtak [samrøystes]**

Styret tar saka til orientering og ber administrerande direktør fortsatt arbeide for å redusere sjukefråveret i Helse Fonna HF

Sak 47/22 Eventuelt**Skriv og meldingar**

Administrerande direktør orienterte kort om dei framlagde skriv og meldingssakene

1. Årsplan for styret 2022
2. Protokoll frå føretaksmøte 01.06.2022

Administrerande direktør informerte styret om at han ber om avløyning i stillinga som administrerande direktør.

Nytt framlegg til vedtak pkt. 2 og 3:

2. Styret set ned følgjande arbeidsutval for rekruttering av ny administrerande direktør til Helse Fonna HF:

Petter Steen jr.
Brian Bjordal
Anne Sissel Faugstad
Nina Budal

3. Det vert kalla inn til ekstraordinært styremøte på Teams 18. august kl 0900 på Teams for å avgjera vidare rekrutteringsprosess

Vedtak [samrøystes]

1. Skriv og meldingar blei tatt til orientering
2. Styret set ned følgjande arbeidsutval for rekruttering av ny administrerande direktør til Helse Fonna HF:
Petter Steen jr.
Brian Bjordal
Anne Sissel Faugstad
Nina Budal
3. Det vert kalla inn til ekstraordinært styremøte på Teams 18. august kl 09.00 på Teams for å avgjera vidare rekrutteringsprosess

Eventuelt:

Lukka møte, jf. Helseforetakslova §26 a, 2. ledd punkt 4

Styret vedtok å lukka møtet med heimel i Helseforetakslova §26a. 2. ledd. punkt 4 før behandling av sak 48/22.

Sak 48/22 Bygg Haugesund månadsrapport mai

Prosjektdirektør Laila M. R. Nemeth orienterte om status for prosjektet per mai måned. Rapporten er ikkje sendt ut til dette styremøtet fordi perioden ikkje var avslutta før sakspapira vart sendt ut til styret.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Petter Steen jr.	Styreleiar
------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Helga Arianson	Medlem
----------------	--------

Heiko Bratke	Medlem
--------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

Kjersti Follesø	Medlem
-----------------	--------

Laura Lill Haavik	Medlem
-------------------	--------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Åse-Berit Apeland Rolland	Medlem
---------------------------	--------

Ingvill Skogseth	Medlem
------------------	--------
